



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Sigrid Nilsen Tro, 5557 2232

Vår dato
23.09.2014

Vår referanse
2014/10855

Nav Meland
v/leiar Thomas Knudsen
Postboks 44
5906 FREKHAUG

Kartlegging av kommunen sitt arbeid med kvalifiseringsprogrammet

Fylkesmannen skal, ifølgje sitt embetsoppdrag, kartleggje kommunar med få deltakarar i kvalifiseringsprogrammet for å undersøkje om det er sosialhjelpsmottakarar som har behov for kvalifiseringsprogrammet, men som ikkje har fått tilbod. Fylkesmannen har tilsynsansvar med kvalifiseringsprogrammet, jamfør sosialtenestelova paragraf 9.

Vi har merka oss at Nav Meland ikkje har levert tal ved dei siste rapporteringane. Vi ser likevel i rapporten frå Statistikkseksjonen i Arbeids- og velferdsdirektoratet at de pr. februar 2014 berre hadde ein deltakar i programmet.

Vi vil kartleggje dei aktuelle kommunane ved å ha kontakt med leiar og eventuelt med den eller dei som arbeider med kvalifiseringsprogrammet. I utgangspunktet tenkjer vi å utveksle informasjon per e-post, og om nødvendig vil vi ta kontakt på telefon for ytterlegare avklaring. I første omgang ber vi deg, som leiar for dei sosiale tenestene i kommunen, om å svare oss på følgjande innan 6. oktober 2014:

- Korleis er Nav-kontoret organisert? Legg gjerne ved organisasjonskart, dersom de har.
- Kven arbeider med kvalifiseringsprogrammet ved dykkar kontor?
 - Den enkelte sitt namn, stillingstittel, direkte telefonnummer og e-postadresse
 - Opplysningar om den enkeltes oppgåver, myndigheit og ansvar
 - Vær vennleg å opplyse om di eiga e-postadresse og ditt direkte telefonnummer
- Har de tatt stilling til kva som er nødvendig kompetanse når det gjeld kontorets arbeid med kvalifiseringsprogrammet?
- Har dei tilsette den nødvendige kompetansen?
 - På kva måte sørgjer de for at dei tilsette har den nødvendige kompetansen?
 - Dersom dei tilsette ikkje har den nødvendige kompetansen, korleis vil du sørgje for at dei får tilstrekkeleg kunnskap og ferdigheiter?
- Kva er, etter di meining, det største hinderet for at de skal få fleire deltakarar i kvalifiseringsprogrammet?

Tilbakemeldinga skal sendast på e-post til fmhpostmottak@fylkesmannen.no Vær vennleg å merkje tilbakemeldinga med vårt referansenummer 2014/10855.

På bakgrunn av svara vi får, vil vi vurdere om det er nødvendig med ytterlegare oppfølging. Dette vil vi i så fall ta opp med det eller dei Nav-kontora det gjeld. Når kartlegginga er avslutta, vil Fylkesmannen utarbeide ein samla rapport og sende den til alle kontora som er omfatta av denne kartlegginga.

Eventuelle spørsmål kan rettast til Sigrid Tro på e-post fmhosit@fylkesmannen.no .

Med helsing

Øystein Breirem Jacobsen
seksjonsleiar

Sigrid Nilsen Tro
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.